

Belysning på gravplass

Tradisjonelt har det ikkje vore lys inne på gravplassane. Gravferd, vitjing og skjøtsel har skjedd i dagslys. Skikken med individuell lystenning, meir bruk av kyrkja til kveldsarrangement, samt den teknologiske utviklinga, gjer at lys på gravplassen nå er meir aktuelt enn tidlegare. Men det er ingen regel om at ein gravplass må ha lys i mørket. Behovet for lys må ein vurdere ut frå bruken av gravplassen. Eit hovudprinsipp for lyssetting av gravplassen, er at armaturen skal rette lyset ned til gangområda og ikkje lyse opp gravfelta. Slik er det òg med effektbelysning.



Frogner kirkegård, Lier. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Råd og rettleiing

- Vurder kva for behov det er for lys på gravplassen. Dette kan variere ut frå korleis gravplassen er utforma, storleiken, om han ligg i by eller meir landleg til, omgjevnadane, korleis han vert nytta, m.m. Belysninga må høve til gravplassens eigenart og vere i tråd med gravplassforskrifta si faneparagraf om orden og vørndnad.
- Straumkablar må leggest i vegtrasear eller i eigne trasear utanom gravfelt, sjå gravplassforskrifta § 7. Traseane må vere vide nok til at ein kan gjere vedlikehaldsarbeid og reparaasjonar utan å røre graver.

- Avstanden mellom lysarmatur og grav bør vere minst 1 meter. Avstanden må vere tilstrekkeleg til at ein kan montere armaturen, utføre vedlikehaldsarbeid og reperasjonar utan å røre graver. Det bør òg vere tilstrekkeleg avstand av omsyn til gravene sjølv og folka som vitjar dei. Lysarmatur skal normalt ikkje plasserast inne på gravfelt eller i gangsoner.
- Pass på at armatur og straumkablar ikkje kjem i konflikt med eller påverkar rotsystemet til eksisterande tre og annan vegetasjon.
- Armaturen bør rette lyset ned til gangområda. Lys bør ikkje vere vendt mot gravfelt.
- Det er viktig at lyset ikkje blendar besøkande på gravplassen. Lysarmaturen bør derfor enten vere under ansiktshøgde eller over 3 meter. Lyskjelda kan elles lett hamne i synsvinkelen til dei som vitjar gravplassen og blende dei.
- Utsjånaden til armaturen bør vere diskre og inngå som ein naturleg del av gravplassen sin visuelle heilskap. Dette er særleg aktuelt for materialar og farger. Materialar og handverk må alltid ha god kvalitet.
- Ved store gravplassar bør ein etablere eit hierarki i belysninga der områder som parkeringsplass, hovudtilkomst og hovudveg får meir lys enn andre areal. Ved trapper og nivåforskjeller er det viktig med godt lys.
- Tenk heilskapleg – belysning skal ikkje konkurrere med kvarandre. Ver særleg merksam når det er ei kyrkje med fasadebelysning på eller ved gravplassen. Kyrkja er eit signalbygg og bør ha merksemda.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn.

Når må ein søke Statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4.

Belysning på gravplass og diskre effektbelysning av element som tre, mur, bautaer og likande vil normalt ikkje vere ein vesentleg endring, men døme på unntak kan vere utstrekt belysning på gravplass der det ikkje har vore lys tidlegare, omfattande effektbelysningar og lysarmatur plassert inne på gravfelt.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette. Vurder om biskopen skal involverast dersom den planlagde belysninga på gravplassen kan verke inn på kyrkjebygget.

For effektbelysning av kyrkje, sjå temanotat nr. 2 om kyrkjer «Fasadebelysning av kyrkja».

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Januar 2023